

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.05.2022

Vår ref.: 202118291-5 Oppgi ved førespurnad

Saksbehandlar:

Silje Aakre Solheim

saas@nve.no

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om å legge ned dam Storediket i Bergen kommune, Vestland

NVE mottok ein søknad frå Bergen kommune den 22.11.2021, om løyve til å legge ned dam Storediket. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Bergens Tidende og Bergensavisen. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Per Lasse Reinertsen på tlf. 90 57 54 02 eller e-post: perlasse.reinertsen@bergen.kommune.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202118291 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **30.6.2022**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Skildring av tiltaket

Dam Storediket er ein kombinert murdam og fyllingsdam plassert i konsekvensklasse 4. Dammen tilfredsstillar ikkje krav til sikkerheit i damsikkerheitsforskrifta og det er nødvendig å gjennomføre tiltak. Magasinet er ikkje lenger i bruk som drikkevasskjelde og Bergen kommune ønskjer difor å legge ned dammen som eit vassdragsanlegg. Fyllingsdamdelen skal fjernast, og ein ny kanal skal sprengast ut slik at ein får samanheng til eksisterande bekk. Vasstanden i magasinet skal senkast om lag 12 m ned til kote 367. Murdelen av dammen vil bli ståande som eit kulturminne. Det er planlagt å legge til rette for at turvegen framleis skal kunne gå over murdelen av dammen. NVE si behandling omfattar senking av vasstand, riving/ombygging av dam og infrastruktur knytt til dette.



Informasjon til høyringspartane i saker som gjeld nedlegging

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 og 7 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8 jf. § 41. Fordi søkar ønskjer å oppretthalde delar av anlegget vil nedlegginga verte behandla etter vassressurslova § 41, tredje ledd. Vi vil presisere at konsesjonsbehandling av ein søknad om nedlegging er noko annleis enn tilsvarande behandling av nye tiltak. Hovudregelen i vassressurslova, jf. § 41, er at anlegg som eigar ikkje lenger vil halde ved like skal fjernast og området tilbakeførast til naturtilstand så godt det lar seg gjere.

Med bakgrunn i dette vil dei som søker om nedlegging av vassdragsanlegg normalt få konsesjon til dette. Unntak kan vere dammar som er freda etter kulturminnelova, eller der vassdragsanlegget inngår i for eksempel eit naturreservat. Føremålet med konsesjonsbehandling er å stille krav til korleis nedlegginga skal utførast og NVE har anledning til å stille vilkår som kan avbøte eventuelle ulemper for allmenne interesser i området. Innspel om verknadar for allmenne interesser og slike vilkår er verdifulle for NVE i vår behandling av søknaden.

Etter høyringsrunden får søkjar høve til å kommentere innkomne uttalar, før NVE gjennomfører synfaring i området. Alle som har gitt uttale vil bli invitert på synfaringa.

Alternativ til nedlegging

Det einaste reelle alternativet til nedlegging er normalt sett at ein ny eigar overtek anlegget, jf. vassressurslova § 42. Dersom nokon ønskjer å ta over vassdragsanlegget for at det skal bli ståande, ber vi om at de kontaktar NVE så snart som mogleg og seinast innan 30.6.2022. Ein eventuell ny eigar vil bli ansvarleg for at dammen oppfyller krava i damsikkerheitsforskrifta. Dammen må opprustast for å tilfredsstille damsikkerheitsforskrifta sine krav til dammar i konsekvensklasse 4. Ein ny eigar må godkjennast av NVE.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Vedlegg: Kunngjeringstekst

**Mottakarliste:**

BERGEN KOMMUNE

Norges Miljøvernforbund

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

TBD - Seksjon for damsikkerhet - Rune Engesæter

BERGEN KOMMUNE - Per Lasse Reinertsen

TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Katarina Eftevand